



Per Thorgersen  
Alverneset 10  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/372 - 15/26271

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåtten  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
17.08.2015

## Løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 137/288 Alver - tilbygg

**Administrativt vedtak. Saksnummer: 329/15**

**Tiltakshavar:** Per Thorgersen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 41 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 48 m<sup>2</sup>. Utnytingsgrad er opplyst til 9% BYA.

Det vert elles vist til søknad journalført 27.07.2015.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.07.2015, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7, jf. SAK 10 § 7-2, er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

For eigedommen gjeld kommunedelplan Knarvik-Alversund 2007-2009. Eigedommen er lagt ut som bustadføremaal og ligg innanfor byggjegrensa mot sjø, jf. punkt 2.2.2 i føresegnene til planen. I plankartet er det illustrert ein strandsti over området, og i punkt 2.2.2 er det slått fast at «strandstien skal fastleggjast gjennom reguleringsplanar for å finne tenelege løysningar for traseval og opparbeiding». Det er gitt dispensasjon for tiltaket i vedtak datert 01.07.2015, saksnummer 217/15.

#### Uttale frå anna styresmakt



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av gnr. 137 bnr. 28, 287, 167, 549, 550 og 551. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av tiltaket.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 10.07.2015.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4,10 meter. Det er søkt om topp golv ved inngang på kote + 10,5 og mønehøgde på kote ca. + 14,7.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ikkje aktuelt i saka.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

### **VURDERING:**

#### **Dispensasjon**

Det er gitt dispensasjon for tiltaket i vedtak datert 01.07.2015, saksnummer 217/15.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 10.07.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Kart som er tinglyst i samband med erklæring om rettigheit i fast eigedom angående rett til etablering av kyststi må rettast til ein breidde på 1,5 meter.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 bokstav b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer.: 15/372.

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1 andre ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	6.000,-
	Totalt gebyr å betala		6.000,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 sjetzte ledd.

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
Avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslåttan  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Ikenberget 12 5907  
AS

ALVERSUND